



Stortingsrepresentant Terje Halleland (Frp) håt etter meinte det hastar med å få krafta til Gismarvik.

Foto: NTB

Omkamp om ei tapt sak

Terje Halleland (Frp) meiner Forum for sjø- og jordkabelgruppa utnyttar dei demokratiske spelereglane ein har i Noreg, når dei stadig må ta nye omkampar på allereie tapte slag.

GRETJE HOPLAND RAVN

Stortingsrepresentant og medlem av energi- og miljøkomiteen, Terje Halleland ber gjengen bak Forum for sjø- og jordkabelteknologi (FSJT) ta på alvor at nettopp denne saka allereie har hatt si behandling i Stortinget og at gruppa bør respektera det. Bakgrunnen for Halleland sin uttale er eit brev FSJT sist veke sende til alle gruppeleiarane i politiske parti i Etne kommune. Dette var eit brev til olje- og energidepartementet, kommunaldepartementet, næringsdepartementet, med kopi til energi- og miljøkomiteen. Her ber dei om at kommunestyret snarast bør senda eit krav til Olje- og energidepartementet (OED), olje- og energiministeren, regjeringa og alle stortingspartia om at den viktige avgjersla om kva trasé krafta skal ha frå Blåfelli til Gismarvik, skal handsamast på Stortinget. Dei meiner det er viktig at saka får ei demokratisk

og open vurdering i energi- og miljøkomiteen.

— Eg må minna Forum for sjø- og jordkabelteknologi om at me allereie har hatt ei behandling av denne saka i Stortinget. Saka er behandla og avvist av Stortinget, og dette er berre eit forsøk på å ta nye omkampar på allereie tapte slag, seier Halleland.

Mykje står på spel

FSJT meiner NVE ikkje har tatt omsyn til Etne kommune sine høyringsbrev, der eit samla kommunestyre til begge høyringane har bedt om at sjøkabel ut Matrefjorden skal nyttast i denne kraftoverføringa, og at kommunen må be OED om ny synfaring av planlagt trasé over Stryefjell.

Gruppa skriv også at det hastar at Etne kommune tar kontakt med departement, regjering og Stortinget. Dei meiner det ikkje er rettferdig å avgjera ei så viktig sak, med så store konsekvensar for framtida til Etnefjellet, i eit lukka departement.

Dette må dei ta på alvor, og ikkje brukta tid på enda ein omkamp

TERJE HALLELAND,
STORTINGSREPRESENTANT



Odd Neraal (f.v.), Grethe Tesdal og Johan Strømsvold i Forum for sjø- og jordkabel
ARKIVFOTO: GRETHE HOPLAND RAVN

— Om ein ikkje er fornøgd med prosedyrane som er gjort, har ein sjølvsagt rett til å klaga på det. Det er greitt nok det, men eg meiner likevel at forumet må innsjå at denne krafta treng me og det står mykje på spel for denne regionen. Derfor må me få dette på plass og komma oss vidare, seier han.

Ikkje omkamp

Halleland er ikkje i tvil om at FSJT også ønskjer fleire arbeidsplassar, meir industri og aktivitet til regionen, men han meiner dei må forstå at her snakkar ein om eit tidsvindauge som kan lukka seg igjen om dette drar ut i tid.

— Dette må dei ta på alvor, og ikkje brukta tid på enda ein omkamp. Eg skal vera med

på å argumentera for at det er ting me må sjå nærmare på når det kjem til saksbehandling på generelt grunnlag. Me kan ikkje fortsetja å bruka ti år på å greia ut ei sak, me er nøydde til å jobba raskare. Det blir ikkje betre saksbehandling om ein brukar lang tid, seier han.

Konsesjonssaka mellom Bläfalli og Gismarvik må gå sin gang slik at meir kraft kjem til regionen. Det er nødvendig for å skapa trygge arbeidsplassar- og fleire arbeidsplassar, i følgje stortingsrepresentanten.

Sjøkabel er problematisk

I følgje ein Menon-rapport som Halleland har gått gjennom, ser han også at argumentet om at det ikkje blir så stor prisforskjell på jord- og sjøkabel kontra luftspenn blir avkrefta. Det kjem til å bli mykje dyrare å leggja kablane i jord og sjø.

— Me skal også ha med oss at sjøkabel ikkje er uproblematisk, og her trengs det betre utgreiingar. Nå må me uansett konsentrera oss om å komma oss vidare og få etablert arbeidsplassar. Me må skapa forutsigbarheit og sikra oss at me får krafta til Gismarvik, seier han.

Halleland legg til at saka burde vore avgjort i olje- og energidepartementet, og skulle aldri vore løfta opp på Stortinget. Det blei ho likevel gjort av Raudt, fordi alle har rett til å bli høyrt.

— Denne omkampen blir ei utnytting av dei demokratiske spelereglane me har i Noreg, seier Halleland.